

Val av programfag skuleåret 2026/2027

- Før jul skal vi ha eit prøveval på Forms for å sjå kva fag skulen bør tilby av programfag ut frå ønska til elevane.
- I januar, veke 3, legg vi ut det ekte valet i InSchool.

Eleven må bestemme seg om hen vil gå **Realfagsretning** eller **Samfunnsfag, språk og økonomi** (SSØ).

Ein må velje minst to gjennomgåande fag, som gjer fordjuping over to år, frå den retninga ein vel.

Programområde: Realfag:

Matematikk R1 ➡ Matematikk R2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Fysikk 1 ➡ Fysikk 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Kjemi 1 ➡ Kjemi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Biologi 1 ↔ Biologi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Programområde: Språk, samfunnsfag og økonomi:

Engelsk 1 ➡ Engelsk 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Sosiologi og sosialantropologi ↔ Sosialkunnskap (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Økonomistyring ↔ Økonomi og leiing (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Psykologi 1 ↔ Psykologi 2 (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Valfritt programfag:

Breiddeidrett 1 ↔ Breiddeidrett 2 er eit valfritt programfag i 2. og 3.trinn. (5 t/v på trinn 2 og trinn 3)

Sjølv om faga er bygde opp slik at dei kan veljast uavhengig av kvarandre, anbefaler skulen at ein vel det faget som står «før pila» fyrst.

Dersom det er veldig få elevar som ønskjer eit fag, kan det vere at ein ikkje startar opp, eller at vi prøver å få til «hybridløysingar». Dvs. at ein må følgje deler av faget via nettskule.

Matematikk: Alle elevane på trinn 2 må ha matematikk, og må velgje seg eit fag: Enten *fellesfaget* **MAT1023 Matematikk 2P** som er det lettaste matematikkfaget (praktisk matematikk).

Eller de kan velge *programfag* i **matematikk REA3056 Matematikk R1** (5 t/v på trinn 2 og trinn 3). Realfagsmatematikk, og den mest krevjande matematikken.

På trinn 2 må elevane på **SSØ** velge **to** programfag innanfor SSØ + **eit** valfritt, i tillegg til matematikk 2p. Elevane på **real**fag må velje to programfag innanfor Realfag. Matematikk R1 kan være eit av fordjupingsfaga, i tillegg må dei velje **to** valfrie programfag.

På trinn 3 må elevane fortsetja med minst to av programfag for å få nødvendig fordjuping til krav om vitnemål. For at timetalet skal bli oppfylt, må **realistar** ha eit ekstra programfag, altså 4 programfag i trinn 2 eller trinn 3. Anbefaler 4 fag i trinn 2, fordi trinn 3 er travlere.

Obligatoriske programfag:

Spansk I+II (nivå 2) er eit obligatorisk fellesfag i trinn 3, for dei som ikkje har hatt spansk eller tysk på ungdomsskulen. Då har du plass til 280 timer programfag frå eige programområde på Vg3. *Det vil sei at dersom du har spansk på VG3 så tel det som eit programfag (D-blokk i skjema under).*

Blokkskjema Vg2 2026/27					
Blokk A	Blokk B	Blokk C	Blokk D	Blokk E	
Matematikk R1	Biologi 1 *	Fysikk 1	Kjemi 1	Matematikk 2p	
Engelsk 1	Breiddeidrett 1 *	Sosiologi og sosialantropologi *	Økonomistyring *		
			Psykologi 1 *		
Blokkskjema Vg3 2026/27					
Blokk A	Blokk B	Blokk C	Blokk D	Blokk E	
Matematikk R2	Biologi 2 *	Kjemi 2	Fysikk 2		
Engelsk 2	Økonomi og leining *	Sosialkunnskap *	Breiddeidrett 2 *		
	Psykologi 2 *		Spansk 1+2 (nivå 2)		
Realfag					
Biologi 1/2 *: Skulen anbefaler at ein tar faga som er sett opp i VG2 fyrst, men læreplanane bygger ikkje på kvarandre, så i spesielle tilfelle tillet ein å ta VG3-fag.					
Språk, samfunnsfag og økonomi					
Økonomi og leining/Økonomistyring *: Skulen anbefaler at ein tar faga som er sett opp i VG2 fyrst, men læreplanane bygger ikkje på kvarandre, så i spesielle tilfelle tillet ein å ta VG3-fag.					
Psykologi 1/2 *: Skulen anbefaler at ein tar faga som er sett opp i VG2 fyrst, men læreplanane bygger ikkje på kvarandre, så i spesielle tilfelle tillet ein å ta VG3-fag.					
Sosiologiantropologi/sosialkunnskap *: Skulen anbefaler at ein tar faga som er sett opp i VG2 fyrst, men læreplanane bygger ikkje på kvarandre, så i spesielle tilfelle tillet ein å ta VG3-fag.					
Breiddeidrett					
Breidde1/breidde2 *: Skulen anbefaler at ein tar faga som er sett opp i VG2 fyrst, men læreplanane bygger ikkje på kvarandre, så i spesielle tilfelle tillet ein å ta VG3-fag.					
Realistar må ha 4 programfag anten i trinn 2 eller trinn 3. Både SSØ og Realfag må ha 2 fag gjennom-gåande i vg2-vg3. (Td. Kjemi 1 + 2, Sosiologi + Sosialkunnskap). Alle må ha 1 valfritt programfag.(Realistar må ha 4 pga. dei ikkje har fellesfaget Matematikk 2p)					

Realfagspoeng:

Alle programfag innan realfag gir 0,5 ekstra poeng ved opptak til høgskole/universitet i Norge, unntatt REA3024 Matematikk R2 og REA3006 Fysikk 2, som gir 1,0 p kvar.

Ein kan maks få 4 poeng totalt.

Det er foreslått endringar for heile systemet for opptak til universitet og høgskular blant anna å fjerne dei ekstra poenga. Førebels er dette ikkje tredd i kraft.

Viss du lurar på kva krav som gjeld for retninga du ønsker, kan du spørja rådgjevar, nokon andre på skulen eller sjekke studioversikta på samordna opptak

[Studioversikten | Søkerportalen](#)